

ÅRSMELDING 2024

Desse har vore i styret:

Leiar: Ivar Hopland – Alver revy

- *Nestleiar: Mette Marei Træland – Nordhordland kunstlag*
- *Skrivar: Morten Sæle – Nordhordland kunstlag*
- *Kasserar : Raymond Solli – Lindås Brass*
- *Styremedlem: Laura Camilla Størseth – Sagstad skulekops*
- *Styremedlem: Anne Kolstad Morken – Manger Musikklag*
- *Styremedlem: Kjersti Møllerup Wiik – Musikkens venner*
- *Varamedlem: Marit Gro Berge – Alversund mållag*
- *Varamedlem: Anne Mette Prestegård – Lindås Sogelag (perm)*

Styret har avhalde styremøte /arbeidsmøte ca.1 gang kvar månad og behandla ymse saker i perioden.

Det har vore eit hektisk år for styret med høyringsuttalar til kommunen sine samfunnsdel og arealdel, delplaner for kultur/helse/oppvekst, temaplaner, tilskottsordninga kultur og idrett, kulturbygg, kultur- og frivillig prisar, strategiplanar m.m

Kulturhus

Alver Kulturråd sende i februar 2023 brev til politiske gruppeleiarar og politisk leiing i Alver kommune om areal til Kulturhus i 2023 og har jamleg diskutert denne saka i styret.

I samband med kommunevalet vart det avhalde politisk møte/kulturdebatt 20 august. Tema ; Kultur. Møte vart opent for medlemar og andre. Her deltok representantar frå dei lokale politiske partia, 12 av 13 parti tok del i paneldebatten som vart leia politisk redaktør i BA Sølve Rydland

Kultur som drivkraft 2023-2035

Alver Kulturråd meiner kulturplan «Kultur som drivkraft» 2023-2035 er svært viktig og har brukt mykje tid og krefter på å gi uttale/innspel til denne.

Medlemsmøte

Styret har avhalde medlemsmøte i samarbeid med Nordhordland Kunstlag i perioden. Tema på medlemsmøte var :

Presentasjon av LivOGLyst ved Vestland fylkeskommune v/Kjersti Sognes

LivOGLyst er eit program og nettverk for deg som ønskjer å vidareutvikle lokalsamfunnet ditt. Føremålet med LivOGLyst er å styrkje lokalsamfunnet i brei forstand; styrkje lokal identitet, lysta til å bu og lokalt næringsliv.

Lansering av Alver Kulturråd sin nye Facebook-side

Denne kvelden lanserte me Facebook-sida vår. Der får du vite kva kulturrådet driv med, og me vil dele anna aktuell informasjon for våre medlemslag, kulturlivet og kulturinteresserte i Alver kommune. I tida framover vil me også presentere alle våre medlemslag på sida.

Presentasjon av Nordhordland Kunstlag Kunstlaget

Kunstlaget no godt på plass i nye lokale på gamle Alversund skule, og har etablert Alversund Kunst- og Kultursenter. Me fekk høyre om prosessen bak, omvising i lokala og orientering om deira aktivitetar.

Manger musikklag speler for oss!

I pausen tok medlemsmøte ein tur innom øvinga til Manger musikklag deira i gym salen på Gamle Alversund skule, og me fekk høyra nokre smakebitar frå deira repertoar

Mat og prat

Det vart god tid til å slå av ein prat med fine folk frå dei andre medlemslaga. Me byde på kaffi med noko attåt og kulturrådet fekk ein del innspel på ting dei ville kulturrådet skulle ta opp.

Fellesmøte med Alver Idrettsråd

Alver kulturråd har i perioden hatt fellesmøte med Alver Idrettsråd, målet med møte var å «bli kjent» og dele erfaringar med kvarandre. Det syner seg at begge råda har mykje av dei same utfordringane. På møte deltok og kontaktperson for Alver Kulturråd Eileen Feste. Ordfører Sara H. Sekkingstad tok del på deler av møte. Ny samarbeidsavtale med begge råda vart signert på møte.

Møte med utvalet for Næring kultur & idrett

Både Alver Kulturråd og Alver Idrettsråd vart invitert til møte med utvalet for Næring kultur & idrett og fekk avsett tid til å kunne presentera seg for utvalet. Dette trur me var nyttig både for utvalet og for råda

Møte med Amatørkulturrådet Askøy og Bergen

Leia Ivar Hopland og styremedlem Morten Sæle hadde møte med leiar for Amatørkulturrådet Askøy og Bergen amatørkulturråd. Målet med møte var erfaringsutveksling mellom råda .Det kom fram at ein har mykje av dei same utfordringane.

Samarbeidsmøte 13 mars 24

Saker frå medlemslaga (drøfta i samarbeidsmøte)

► Søknadsskjema for kulturmidlar ,forenkling av skjema, anna system

Kulturrådet orienterte om medlemsorganisasjonane sine utfordringar med søknadsprosess rundt kulturmidlar. Ber om at kommunen vurderer den tekniske løysinga og innhald i skjema. Kommunen er kjend med utfordringane, og forbetringar og nye løysingar vert vurdert.

► Alversund gamle skule, kriteriar for bruk

Tomten vert vurdert til å vera attraktiv og verdifull. Kjem sak til kommunestyret der ein ser på ulike løysingar. Det er gjort ei mini-moglegheitsstudie. Dette vert det jobba med frå planavdelinga, og resultatata skal presenterast før sommaren. Det er også gjort tilstandsvurdering, bygningsmassen er i god stand. Lag og organisasjonar som ønsker å nytta huset tek kontakt med kulturavdelinga. Kultursjefen presiserer at all avtalt bruk er midlertidig.

► Regionalt Kulturhus status

Kommunedirektøren påpeikar at dette handlar om handlingsrom. Det økonomiske grunnlaget i Alver må på plass først. Men vi bør begynne å planlegge no, få på plass et konsept, for desse prosessane tek tid. Kulturrådet peikar på at vi må få på plass ein tomt for å få framgang i arbeidet. Samarbeid er avgjerande for å få på plass eit kulturhus, f.eks. med Vestland fylke og private utbyggjarar.

► Tilskotsportalen

Kulturrådet har fått signal om at portalen er vurdert fjerna. Kultursjefen stadfesta dette. Leiar av kulturrådet ytra ønske om at portalen vert vidareført slik den er i dag. Kulturrådet vert informert om den vidare prosessen

Diverse andre oppgaver

Frå styret har Mette Marei Træland teke del i den kulturelle skulesekk.

Leiar Ivar Hopland var med i jury for kultur og frivillig prisen for 2023.

Raymond Solli og Ivar Hopland i fellessamling kulturråda for Vestland på Voss.

Ivar Hopland har delteke i etablering av Vestland Kulturråd

Uttale kulturmidlar vår 2023

Delteke i felles utforming av ny samarbeidsavtale med kommunen

Etablert Face book side Alver Kulturråd, vidareutvikla Heimeside, styreweb

Signering av ny samarbeidsavtalen med Alver Kommune

Alver kulturråd har eit godt samarbeid med kulturadministrasjonen i kommunen og rådet har mange faste gjeremål og tett oppfølging av pågåande saker.

Ivar Hopland

Mette Marei Træland

Raymond Solli

Leiar

nestleiar

Kasserar

Laura Camilla Størseth

Morten Sæle

Anne Morken

styremedlem

skrivar

styremedlem

Kjersti Wiik

Marit Gro Berge

Anne Mette Prestegård (perm)

styremedlem

vara

vara